



Det sigrende laget hadde desse deltakarane frå Uskedalen, Valen og Omvikdalen: Jarle Saghaug, Tone Tjelmeland, Asmund Lillås, Ståle Hauge, Kristian Hauge, Linn Kathrine Tunold og Kjartan Thoresen.

Festidalen sitt jule-arrangement nummer to vart ein enda større suksess enn det første i fjor sjølv om dei ikkje satsa på live-musikk denne gongen.

Det var 450 glade festdeltakarar i den godt oppvarma Dønhauglåven i kveld og fleire er det ikkje lov å sleppa inn. Men Festidalen-leiinga opplyser at dei kanskje kunne ha selt dobbelt så mange billetter. Etterspurnaden har vore enorm sjølv om marknadsføringa har begrensa seg til facebook og internett.



Laget Nissene på låven hadde deltakarar både frå Trøndelag, Voss, Sunde og Åkra. Her sit dei klara for innsats. Frå venstre Brit Kristin Nordtømme, Randi Elisabeth Bjelland, Ronny Vågen, Magnhild Trå, Knut Olav Bjelland og Ottar R. Nordtømme.

Før dj-en Torgrim Øyre slapp til og viste kva han kunne var det eit krevjande program for hjernevinningane, sikkert og profesjonelt leia av Ørjan Bakke. I fjor stilte det 9 lag, men i år var talet auka til 14 og innslaget vart eit nytt døme på at det går ein quiz-feber også over Kvinnherad. Men det var også eit betydeleg innslag av skarpskotte julegjester frå andre kantar.



Sikker quiz-leiar var Ørjan Bakke

Dei 50 spørsmåla delt i tre bolkar famna svært vidt både geografisk og emne-messig, her vart det til dømes spurd både om kvar Hugo Chavez er president og kva 16-åringen heiter som er Uskedalens sitt store trompet-talent. Og veit du namna på dei 7 statsleiarane som Sovjet-Unionen hadde på nesten 70 år og namna på dei 6 generalsekretærane som FN har hatt?

Den siste spørsmålsbolken handla ikkje overraskande om Festidalen og den vart avgjerande for utfallet.



Kva blir resultatet? Quiz-leiinga i intenst arbeid på scenekanten.

Tevlinga var knivskarp, Laget "Det svir i auan" med deltakarar frå Uskedalen, Valen og Omvikdalen sigra med eitt poeng foran fjorårsvinnarane "Edelgranus".og det var berre fem poeng ned til det tredje laget som heitte "To Rustne karar 2".

Dei tre hadde høvesvis 60, 59 og 55 og resten av lista var slik:

4. To vise menn og eitt kvinnfolk	54
4. Øvre Beverly med vener	54
6. Det erkje gagn i	51
7. Spaghetti Incident	46
8. Nissene på låven	42
9. Den dynamiske duoen	38
10. Kondomen sprakk	37,5
11. Fjopenissene	32
12. Verdenslaget	30
13. Erlend og jentene	26
14. The Losers	16

Arrangementet var ein lovande opptakt til det som skal skje ved månadsskiftet juli/august!
Alle på det sigrande laget fekk festivalpass.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen